



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
51/19	Formannskapet	19.11.2019
69/19	Kommunestyret	17.12.2019

Eigedomsskattevedtak for Vågå kommune 2020

Vedlegg:

- 1 Potensielle inntekter omtaksering
- 2 Eigedomsskattevedtekter skattetakstnemnd

Saksframlegg:

Etter lov om eigedomsskatt av 6. juni 1975, nr. 29 § 10-12 (eigedomsskattelova) skal kommunestyret for kvart år i samband med budsjettbehandlinga fastsetja kva for satsar og reglar som skal gjelde ved utskriving av eigedomsskatt for det komande året.

Vågå kommune skriv i dag ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen, vedtatt i kommunestyret i sak 105/13.

Heimelen for utskriving av eigedomsskatt er nedfelt i eigedomsskattelova §§ 2 og 3, der § 3 angjev kva for valalternativ kommunen har ved utskriving av eigedomsskatt:

Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

a) faste eigedomar i heile kommunen

b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang

c) berre kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg som omfatta av særskattereglane for petroleum, eller

d) berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller

e) eigedom både under b) og c)

f) eigedom både under b) og d)

g) faste eigedomar i heile kommune, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

I 2019 nyttar Vågå kommune ein generell eigedomsskattesats på 7 promille, jf. eskl. § 12, fyrste ledd. Differensiert skattesats for bustadeigedomar og fritidseigedomar er på 4,3 promille. Alle sjølvstendige bustaddeler har i 2019 eit botnfrådrag på kr 100 000 pr. bueining, jf. § 11, andre ledd.

Vågå kommune har etter § 7 i eigedomsskattelova innført fritak for nyoppførte bustader i 10 år frå ferdigstilling (§ 7 C) og eigedomar til stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen eller staten, samt for bygningar med historisk verdi, jf. § 7 (§ 7 B).

Vurdering:

Eigedomsskatten styrkar kommuneøkonomien og bidreg til at kommunen kan oppretthalde eller betre tenestetilbodet til innbyggjarane. Eigedomsskatten er ein sikker og robust inntektskjelde for kommunane og gjev stabile inntekter frå år til år. Ettersom skatten i all hovudsak er knytt til bygg og grunn, er skattegrunnlaget mindre mobilt enn til dømes finanskapital. Eigedomsskatt er ei kommunal inntekt som i sin heilskap går til kommunal tenesteproduksjon. Det inntektspotensialet som ligg i den kommunale eigedomsskatten bør vurderast opp mot eventuelle kutt i tenesteproduksjonen i tronge budsjettår.

I KS 38/18 vart det vedteke at det i 2019 skulle gjennomførast ei alminneleg omtaksering av eigedomsskatten med bakgrunn i at det var 10 år sidan sist, jf. eigedomsskattelova § 8A-3. Nytt eigedomsskattegrunnlag skal vere gjeldande frå og med 01.01.2020.

Bruk av formuesgrunnlag

I statsbudsjettet for 2019 (prop 1 LS 2018-2019) foreslo regjeringa at det frå skatteåret 2020 skulle innførast tvungen statleg taksering (formuesverdi) av heilårsbustader, ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % i eigedomsskattetakstane på heilårsbustader og fritidsbustader samt ein maksimal skattesats på slike eigedommar på 5 %. Frå 2021 er det foreslått ein maksimal skattesats på 4 % for nemnte eigedommar.

Etter budsjettforhandlingane mellom KrF og regjeringspartia fell forslaget om tvungen statleg taksering bort, mens forslaga om obligatorisk reduksjonsfaktor og ein maks-sats på 5 % i 2020 ble opprettheldt.

I KS 64/18 vart det vedteke at Vågå kommune skal nytte Skatteetatens formuesgrunnlag på bustadhus frå og med 2020. Gardsbruk, fritidseigedommar og næringseigedommar har ikkje formuesgrunnlag, og skal takserast av takstnemnda sjølv.

Frå forsiktighetsmargin og botnfrådrag til reduksjonsfaktor

I tråd med Finanskomiteens innstilling vedtok Stortinget 20. desember 2018 følgjande bestemmelser om reduksjonsfaktor for bustader med kommunal takst (aktuell setning utheva):

§ 8 A-2. Verdet

- (1) Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstillhøve ved fritt sal. Skattegrunnlaget for bustader og fritidsbustader vert sett til verdet multiplisert med 0,7. Verdet av næringseigedom skal setjast til teknisk verde når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første punktum.*

Frå 2020 blir kommunane lovpålagt å nytte ein obligatorisk reduksjonsfaktor for heilårsbustader og fritidseigedommar på 30 %. Også ved kommunal taksering av fritidsbustader og heilårsbustader skal reduksjonsfaktoren på 30 % nyttast. Ved kommunal taksering har takstnemnda i Vågå kommune lagt inn ein forsiktighetsmargin i takstane, som har gitt noko lågare takstar enn omsetningsnivå. Det har vore nytta ein botnfrådrag på kr. 100.000,- per bustadeining.

Ved ny almenneleg omtaksering som skal gjelde frå 2020 er det lagt til grunn ei takst på nær 100 % av omsetningsverdien. Også kommunal takst på heilårsbustader og fritidseigedommar skal reduserast med 30 %.

Promille

Takstnemnda er nå i sluttfasen av takseringsarbeidet, og har lagt til grunn eit realistisk og differensiert takstnivå som avspeglar forskjellane mellom standard og plassering i meir eller mindre attraktive soner.

Kommunedirektøren har i forslaget til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 lagt inn ein føresetnad om at promilla blir sett ned til 4,0 % for å imøtekoma forslaget frå regjeringa om å sette ned maks-satsen til 4 % frå 2021. Kommunedirektøren legg til grunn at botnfrådraget på kr. 100.000,- blir teke ut, når det kjem ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 %.

Med desse føresetnadene vil det gje ei brutto auke i inntektene frå eigedomsskatt på kr. 3 mill. frå 2020 sett i forhold til reelle rekneskapstal for 2019.

Vågå kommune nyttar i dag maks-satsen på 7 % på all skattepliktig eigedom, med unntak av heilårsbustader og fritidseigedommar. Botnfrådrag, obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % og maks skattesats på 5 % gjeld berre for heilårsbustader og fritidseigedommar.

Det er ikkje opning i lovverket for å nytte reduksjonsfaktor eller botnfrådrag for anna eigedom enn heilårsbustader og fritidsbustader.

Terminar

I 2019 blir eigedomsskatten kravd inn saman med dei andre kommunale avgiftane ein gong i månaden (12 terminar). Med bakgrunn i eigedomsskatteloven er frist for utskriving av eigedomsskatt 1. mars for gjeldande år. Nye takstar vil ikkje vere klare for utskriving innan første termin kommunale avgiftar, det vil og vere behov for tid til å handsame og rette klagar mellom terminane. Kommunedirektøren rår difor til at eigedomsskatten blir skriven ut i 4 terminar i 2020, og at det frå 2021 går attende til 12 terminar.

Kommunedirektøren si innstilling:

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020:
 - a. Faste eigedommar i heile kommunen.
2. For skatteåret 2020 blir den generelle skattesatsen i kommunen sett til 7 promille av takstgrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 12.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 12 blir skattesatsen for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendige bustaddelar (bustad og fritidseigedommar) for skatteåret 2020 redusert til 4,0 promille av takstgrunnlaget.
4. Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader skal formuesgrunnlag nyttast, jf. eigedomsskattelova. § 8C-1.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 11 blir det for skatteåret 2020 fjerna botnfrådrag på kr. 100.000. (Dette fordi det kjem ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 %)
6. Det skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget fra tidligere verk og buk på 5/7 av takstgrunnlaget i 2020 jf. overgangsregel til §§ 3 og 4, 1. ledd, 1. punkt i eigedomsskattelova. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 7 promille av takstgrunnlaget.
7. Eigedomsskatten skal for 2020 skal betalast i 4 terminar.
8. I medhald av eigedomsskattelova § 7 opprettheld kommunestyret fritak i 2020 for nyoppførte bustadeigedommar gjeldande i 10 år frå ferdigstilling.
9. Eigedommar av historisk verde (freda bygg), jf. eigedomsskattelova § 7 b, samt for eigedommar til stiftingar/institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylkeskommunen eller staten, er fritaken for eigedomsskatt jf. eigedomsskattelova § 7 a.

Reviderte takstvedtekter for eigedomsskatt i Vågå kommune blir vedteke, og skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jf. eigedomsskattelova § 10

Saksprotokoll i Formannskapet - 19.11.2019

Behandling:

Samrøystes

Formannskapets framlegg:

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020:
 - a. Faste eigedommar i heile kommunen.
2. For skatteåret 2020 blir den generelle skattesatsen i kommunen sett til 7 promille av takstgrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 12.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 12 blir skattesatsen for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendige bustaddelar (bustad og fritidseigedommar) for skatteåret 2020 redusert til 4,0 promille av takstgrunnlaget.
4. Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader skal formuesgrunnlag nyttast, jf. eigedomsskattelova. § 8C-1.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 11 blir det for skatteåret 2020 fjerna botnfrådrag på kr. 100.000. (Dette fordi det kjem ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 %)
6. Det skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget fra tidligere verk og buk på 5/7 av takstgrunnlaget i 2020 jf. overgangsregel til §§ 3 og 4, 1. ledd, 1. punkt i eigedomsskattelova. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 7 promille av takstgrunnlaget.
7. Eigedomsskatten skal for 2020 skal betalast i 4 terminar.
8. I medhald av eigedomsskattelova § 7 opprettheld kommunestyret fritak i 2020 for nyoppførte bustadeigedommar gjeldande i 10 år frå ferdigstilling.
9. Eigedommar av historisk verdi (freda bygg), jf. eigedomsskattelova § 7 b, samt for eigedommar til stiftingar/institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylkeskommunen eller staten, er fritaken for eigedomsskatt jf. eigedomsskattelova § 7 a.

Reviderte takstvedtekter for eigedomsskatt i Vågå kommune blir vedteke, og skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jf. eigedomsskattelova § 10

Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.12.2019

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020:
 - a. Faste eigedommar i heile kommunen.
 2. For skatteåret 2020 blir den generelle skattesatsen i kommunen sett til 7 promille av takstgrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 12.
 3. I medhald av eigedomsskattelova § 12 blir skattesatsen for bustaddelen i eigedommar med sjølvstendige bustaddelar (bustad og fritidseigedommar) for skatteåret 2020 redusert til 4,0 promille av takstgrunnlaget.
 4. Ved utskriving av eigedomsskatt på bustader skal formuesgrunnlag nyttast, jf. eigedomsskattelova. § 8C-1.
 5. I medhald av eigedomsskattelova § 11 blir det for skatteåret 2020 fjerna botnfrådrag på kr. 100.000. (Dette fordi det kjem ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 %)
 6. Det skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget fra tidligere verk og buk på 5/7 av takstgrunnlaget i 2020 jf. overgangsregel til §§ 3 og 4, 1. ledd, 1. punkt i eigedomsskattelova. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 7 promille av takstgrunnlaget.
 7. Eigedomsskatten skal for 2020 skal betalast i 4 terminar.
 8. I medhald av eigedomsskattelova § 7 opprettheld kommunestyret fritak i 2020 for nyoppførte bustadeigedommar gjeldande i 10 år frå ferdigstilling.
 9. Eigedommar av historisk verdi (freda bygg), jf. eigedomsskattelova § 7 b, samt for eigedommar til stiftingar/institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylkeskommunen eller staten, er fritaken for eigedomsskatt jf. eigedomsskattelova § 7 a.
- Reviderte takstvedtekter for eigedomsskatt i Vågå kommune blir vedteke, og skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jf. eigedomsskattelova § 10